

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 14.08.2023

Byggesaksavdelinga i Alver  
v/Are Frøysland Grande

Kopi:  
Miljø og Tilsyn v/Eirik Berntsen  
APM-utvalet i Alver  
Statsforvaltaren i Vestland v/Ove Mildtbø

**Gbnr 99/4 har neglisjert vedtaket av 28.11.22 frå Alver kommune om avslag renseanlegg, har arbeid vidare kontinuerleg etter avslaget som om ingen ting har skjedd, no tilnærma ferdig. Har, på nett same måte, starta husbygging i strid med APM-vedtak av 13.10.21, som seier at 99/4 ikkje kan få igangsetjingsløyve før etter tilbakeføring. NB: Tilbakeføring har ikkje skjedd!**

#### **Neglisjert vedtak av 28.11.22 om avslag renseanlegg**

Vi viser til sak 1210/22, der 99/4 fekk avslag på igangsetting av renseanlegg, med endeleg oppretthalding 09.03.23 av Statsforvaltaren. Vi vil gje kommunen informasjon om at 99/4 har arbeid med dette renseanlegget kontinuerleg heile tida **etter** avslaget 28.11.22, starta også lenge **før** søknaden. Renseanlegget framstår no tilnærma ferdig.

#### **Neglisjert vedtak av 13.10.21, om at tilbakeføring må skje før igangsettingsløyve**

Vi viser til vedtak av 13.10.21, sak 147/21, der APM-utvalet gjorde vedtak om tilbakeføring til markslaget (AR-5) **før** igangsettingsløyve kan gjevast til byggestart på 99/4.

I strid med dette har 99/4 starta husbygginga **utan** å ha tilbakeført. Har lagt ned kablar og rør, har også forskalt, har i juli mottatt stor leveranse av byggevarer og påbegynt monteringa av desse. Inga tilbakeføring har skjedd, derimot ytterlegare oppbygging med stein.

Bygget som er påbegynt er heller ikkje i overensstemmelse med rammesøknad. Stor kjellar, utan at nokon kjellar er omsøkt. Grunnleggande endra fasade som følgje, eit nytt brot med søknaden.

#### **Naudsynt informasjon**

Vi meiner det er svært viktig at kommunen får denne informasjonen frå oss, avdi informasjonen er heilt naudsynt å få fram, og ikkje ser ut til å kome fram på annan måte.

At informasjonen ikkje kjem fram på annan måte er også grunnen til at vi distribuerer til m.a. APM.

#### **Konsekvens**

Vi etterlyser at dei systematiske ulovlegheitene på 99/4 må få konsekvens for dei som står bak og er ansvarlege, dette vil gjelde både tiltakshavar og ansvarleg utførande for tiltaka.

-----  
*Aktivitet på 99/4 er konsekvent **ikkje** i pakt med løyve eller vedtak. Har vore tilfelle for: Utskyting masse, avgraving masse, tilkjøring masse, landbruksveg-trase, **vesentleg** endra **alle** kotehøgder på 13 mål innmark, uttappa myr v/utskyting, tatt vekk årssikker vassføring i elv, mur 6 m høg/nær 200 m lang (100 m lenger enn omsøkt), eit ikkje omsøkt bygg anlagt på «nydyrkingsfelt 1», ein ikkje omsøkt forlenga landbruksveg mot Gauleelva, utskote sauehus på ikkje omsøkt plass. Alle desse ulovlege tinga foregår, og har fått foregå, tilsynelatande utan konsekvens. Dei foregår **i tillegg til** det vi rapporterer ovafor: eit bygg renseanlegg i strid med vedtak, og igangsett husbygging i strid med vedtak. Loven foreskriv korleis ulovlegheiter skal følgjast opp.*

Med vennleg helsing  
Elin og Henry Fanebust

